
Saksnr: 2021/6080-2
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth
Dato: 24.02.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Norsk kulturindeks 2020 - Resultat for Vestland fylke

Som eit ledd i kunnskapsinnhenting i samband med utarbeiding av regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 har Vestland fylkeskommune kjøpt Norsk kulturindeks 2020 - resultat for Vestland fylke. Det er Telemarksforskning som utarbeider denne. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare kjøpt denne inn med jamne mellomrom.

Kulturindeksen er ei årleg samanstilling av tilgjengeleg statistikk og offentleg informasjon som viser frivillig og profesjonell kunst og kulturaktivitet i den enkelte kommune saman med kommunen sin aktivitet innan ulike felt av kulturlivet, fokuset er på den såkalla ytringskulturen og den kulturelle grunnmuren i kommunane. Dette er basert på satsingar i Kulturutgreiinga 2014.

Den totale plasseringa i Norsk kulturindeks er summen av rangeringar i ti kategoriar. Kommunen med den lågaste samla sum blant rangeringane av desse, kjem på toppen av Norsk kulturindeks.

Kategoriane ein målar er kunstnarar, kulturarbeidarar, museum, konsertar, kino, bibliotek, scenekunst, kulturskule, den kulturelle skulesekken, tildelingar og frivilligheit. Rapporten skildrar nærare kva indikatorar det er lagt vekt på innan kvar kategori og kvar opplysningane er henta frå. Det er også lagt ulike føresetnader til grunn, demografi, utdanning, del besøksnæring, born og unge, studentar samt innpendling er faktorar som påverkar kommunen sine føresetnader for kultursatsinga.

Blant fylka i Norge rangerer Vestland på tredje plass i Norsk kulturindeks 2020 bak Oslo og Trøndelag. I år finn vi fylket sin høgste rangering i kategorien sentrale løyvingar, der Vestland er best av fylka. Fylket er rangert som nummer to innan kunstnarar, kulturarbeidarar, konserter og scenekunst. Svakast er fylket i kategorien Den kulturelle skulesekken. Det er også relativt svake plasseringar innan kino, bibliotek og kulturskule. Vi viser til siste del av rapporten der hovudtrekka ved kulturlivet i Vestland vert summert opp.

Den årlege rangeringa av kommunane vekker alltid engasjement, truleg fordi det er enkelt å samanlikne seg med andre. Det er viktig å peike på at dette er eit tidsbilde som målar og samanliknar ein del av kunst og kultursatsinga i den enkelte kommune basert på kommunen og aktørane si eiga rapportering inn til ulike ordningar. Andre parameter ville gitt andre svar.

Ser vi på netto fylkeskommunale driftsutgifter til kultur pr innbygger i 2019 ligg Vestland fylkeskommune omlag på gjennomsnittet (s. 74-75).

Det som er mest interessant med kulturindeksen er å sjå utviklinga over tid. Å måle det same over ei lengre periode vil gi interessant og relevant informasjon. Så må ein også ta det atterhaldet at dette er ei samanstilling av kommunane sin eigen rapportering til t.d. KOSTRA. Resultatet vil difor vere avhenging av kvaliteten på kommunane si innrapportering i dette systemet.

Som vist i tabell 5 (s. 15) i rapporten rangerer Gloppen kommune høgast i Norsk kulturindeks blant kommunane i Vestland med 4. plass. I tillegg scorar Bergen, Kvam, Sogndal og Voss også blant dei 20 beste kommunane i landet. Dei fleste av desse scorar godt i alle kategoriar, med svakast resultat i DKS og kulturskole.

Til saman 14 kommunar i fylket ligg blant dei 100 beste kommunane i landet samla sett. 20 av kommunane i fylket scorar under middels av norske kommunar.

Rapporten kan vere eit godt verktøy der ein kan vurdere om kommunen sin innsats står i forhold til føresetnadane og om resultatet er god ressursbruk innan feltet. Kulturindeksen gir lite svar på fylkeskommunen sin samla innsats.

Vi viser til kulturindeksen for meir informasjon.

Vedlegg

- 1 Norsk kulturindeks 2020. Resultater fra Vestland